



KLAGESKJEMA

Les heile skjemaet før du fyller det ut.

Informasjon om EOS-utvalet

EOS-utvalet er eit sjølvstendig kontrollorgan som er oppnemnt av Stortinget. Utvalet skal kontrollere etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste som det offentlege utfører. Vi handsamar klager som rettar seg mot EOS-tenestene eller andre verksemder som utøver etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste. EOS-tenestene er i dag:

- Etterretningstenesta (E-tenesta):
 - E-tenesta er Noregs utanlandsetterretningsteneste og er både ei sivil og ei militær etterretningsteneste. E-tenesta samlar inn informasjon om forhold *utanfor Noregs grenser*.
- Politiets tryggingsteneste (PST):
 - PST er den nasjonale tryggingstenesta. Dei skal å samle og analysere informasjon og treffe tiltak mot forhold som kan true Noregs tryggleik. Den primære oppgåva til tenesta er å førebygge og etterforske lovbrøt som kan true denne tryggleiken. PST er òg den innanlands etterretningstenesta.
- Nasjonalt tryggingsorgan (NSM):
 - NSM er tryggingsorganet i Noreg. Dei skal mellom anna koordinere førebyggjande tryggingstiltak og kontrollere tryggingstilstanden i verksemder som er omfatta av sikkerhetsloven.
- Forsvarets tryggingsavdeling (FSA):
 - FSA har ansvar for førebyggjande tryggingsteneste og operativ tryggleik i Forsvaret. Avdelinga er klareringsmyndigheit i forsvarssektoren, med unntak for tilsette hos NSM og E-tenesta.

Klage til EOS-utvalet

Du kan klage til EOS-utvalet om du trur at dine rettar er blitt krenka ved utøving av etterretnings-, overvåkings- og tryggingsteneste. Du kan klage på vegner av deg sjølv og eige/eigne barn under 18 år. Om du klager på vegner av andre personar, krev vi dokumentert fullmakt, med kopi av gyldig identifikasjon (førarkort, pass eller nasjonalt ID-kort.)



Utvalet handsamar alle klager som fell inn under kontrollområdet. Klager som blir tatt til handsaming blir undersøkt i verksemda/verksemdene dei er retta mot.

Vi sender brev til din digitale postkasse, alternativt di folkeregistrerte adresse om du ikkje har digital postkasse. Du vil få eit førebels svar innan tre veker med informasjon om klaga er tatt til handsaming eller ikkje.

Vi gjer deg oppmerksom på følgande:

- Klager over avgjerder om tryggingssklarering: For at utvalet skal kunne handsame ei klage over klarering som er nekta, sett ned eller tapt, må saka vere avslutta av klageinstansen. Det vil seie at klageinstansen må ha fatta ei endeleg avgjerd i klagesaka, og at moglegheita til å klage er utprøvd. Vi handsamar likevel klage over lang saksbehandlingstid i klareringssaker og klage over innsynsnektingar i dokument som høyrer til saka di.
- Innsyn i PST og E-tenesta: Du har ikkje rett til innsyn i opplysningar som PST eller E-tenesta eventuelt handsamar om deg sjølv eller andre. Klager på avslag på innsyn i opplysningar i PST og E-tenesta vil derfor *bli avvist* av EOS-utvalet.
- Handsaming av personopplysningar: Klagehandsaminga inneber at utvalet vil handsama opplysningar om klagar. For at utvalet skal kunne gjera undersøkingar i klagesaker, vil opplysningar om klagaren bli delt med den eller dei tenestene klaga er retta mot.

Døme på klager som fell utanfor kontrollområdet

- Verksemd som gjeld personar som ikkje bur i Noreg og organisasjonar som ikkje held til her, eller som gjeld utlendingar der opphaldet er knytt til teneste for framand stat. Utvalet kan likevel utøve kontroll i slike tilfelle, når særlege grunnar tilseier det.
- Klager på utanlandske tenester.
- Klager over klareringsavgjerder fatta av Stortinget sin administrasjon og/eller presidentskap.
- Klager over regelverk, inkludert korleis lover og reglar for EOS-teneste er utforma.
- Klager over tvangsmiddelbruk i det ordinære politiet. Slike klager må rettast til Kontrollutvalet for kommunikasjonsskontroll (KK-utvalet).
- Klager på tenestehandlingar i det ordinære politiet. Slike klager må rettast til politimeisteren i ditt lokale politidistrikt og/eller til Spesialeininga for politisaker.
- Klager på tenestehandlingar i Forsvaret som ikkje er knytt til utøving av EOS-teneste. Slike klager kan rettast til Forsvaret og/eller Forsvarsombodet.
- Klager over feil og manglar ved handsaming av personopplysningar i det ordinære politiet eller andre offentlege organ. Slike klager må rettast til Datatilsynet.
- Klager mot forvaltinga/styresmaktene generelt. Slike klager må rettast til Sivilombodet.



Eg klager på vegner av (kryss av):

<input type="checkbox"/>	Meg sjølv
<input type="checkbox"/>	Eige/eigne barn under 18 år
<input type="checkbox"/>	Person eg handlar på vegner av <ul style="list-style-type: none">• Fullmakt og kopi av legitimasjon er lagt ved.
<input type="checkbox"/>	Juridisk person, som selskap og organisasjonar. <ul style="list-style-type: none">• Firmaattest/utskrift frå Einingsregisteret eller anna offentleg register og fullmakt er lagt ved.

Personalialia om klager:

Fornamn:	Fødselsdato (DD.MM.ÅÅ):
Etternamn:	
Tidlegare etternamn:	
Adresse:	
Postnummer.:	Poststad:
Telefon:	
E-post:	
Tilleggsinformasjon som kan vere relevant for undersøkingar i tenesta/tenestene, <u>til dømes</u> . brukarnamn på sosiale medium, IP-adresse(r), bilregistreringsnummer, passnummer og DUF-nr.	



Kven klagar du på? (kryss av):

	Politiets tryggingsteneste (PST)	
	Etterretningstenesta (E-tenesta)	
	Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)	
	Forsvarets tryggingsavdeling (FSA)	
	Anna styresmakt som har funksjonar innan eller hjelper til i utøvinga av EOS-teneste. Skriv i tilfelle kva for ei teneste.	
Klareringsmyndigheit (kryss av til høgre)		Klage på klareringsavgjerd hos: _____
		Klage på avslag på innsyn i klareringssak hos: _____
		Klage på lang sakshandsamingstid av klareringssak hos: _____

Bakgrunnen for klaga:

Korleis meiner du at dine rettar er blitt krenka og av kven? Skriv gjerne så konkret og utfyllande som mogleg, eventuelt i eit vedlegg.